

Fra: Linda Folkestad
Sendt: 26. mai 2015 12:22
Til: Benjamin Hicks
Emne: gbnr 21/6 – Hindenes Ytre

Hei,

Vedkomande førespurnad om kva Teknisk drift har handsama i dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg, gbnr 21/6 – Hindenes Ytre:

Teknisk drift har ikkje teke stilling til anna enn dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for garasje til bustad på gbnr 21/6 - Hindenes Ytre. Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg vart motteke 25.03.2015 og det vart gitt dispensasjon på vilkår den 26.03.2015. Det vart ikkje opplyst til Teknisk drift om at det skulle være kurslokale i garasjen, denne informasjonen vart først gitt i søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, datert 06.05.2015. Teknisk drift vart gjort merksam på bruken av garasje i dag den 26.05.2015. Det er ikkje teke stilling til parkeringsarealet i gitte dispensasjon. Teknisk drift har vurdert areal framfør garasje som snu areal.

Teknisk drift har, per i dag, ikkje motteke søknad om endra bruk av avkjørsle frå kommunal veg. Det er i dag berre gitt avkjøringsløyve til einebustad med garasje. Det må søkast om endra bruk av eksisterande avkjørsle til den nye bruken som er opplyst til å være næringsverksemde i form av kursverksemde. Med søknad skal det leggst ved situasjonskart som viser avkjørsle, garasje, parkeringsplasser, samt snu areal for kjøretøy. Det skal være muleg å snu på eigedom når parkeringsplassane er i bruk. Parkeringsplasser bør være plassert slik at dei ikkje kjem i konflikt med bruk av garasje.

mvh



LINDÅS KOMMUNE

Linda Folkestad

teknisk drift – veg, vatn og avlaup

Tlf: 56 37 51 70/ 975 85 285

www.lindas.kommune.no

Lik oss på 

Følg oss på

LinkedIn®

Kikk oss i kartene

